

Merknad til Detaljreguleringsplan for Mangersnes

I anleggsperiode for veg og i byggjeperiode for bustadar vil det unekteleg bli ei stor auke i anleggstrafikk med store køyretøy i begge retningar. Anleggstrafikk kombinert med skuletrafikk til fots og sykkel vil skapa farlege situasjonar også på fylkesvegen frå vegkryss i Hestvika og vidare til skulane. På strekninga frå Hestvika er skulevegen utan fortau på største delen av vegstrekninga. Vegen er uoversiktleg og somme stadar er det ikkje mogleg å gå ut av vegbana grunna vegmur og skjæring.

Viser til tekst i Planskildring -avsnitt om mjuke trafikkantar:

«Fortau har erfaringsmessig liten dokumentert effekt på trafikktryggleiken, og er i første rekkje eit tiltak for å oppnå betre framkomst for mjuke trafikantar og auka kjensle av tryggleik.» Påstanden verkar søkt for oss som nyttar vegen til fots saman med born i dag. Med anleggstrafikk og meir enn dobling av trafikken når bustadar er etablert er vår påstand at eit fortau med plass til gåande, barnevogn og el-scootere for eldre vil vera avgjerande for tryggleiken for mjuke trafikkantar på vegen.

Me ser det som uheldig at ein startar med ei løysing utan fortau med intensjon om seinare etablering. Tidlegare etablerte bustadsprosjekt på Manger er regulert med fortau langs veg, men fortau er enno ikkje etablert tiår etter at siste bustaden i planområde er bygd.

For at det skal vera trygg skuleveg for alle etablerte og nyetablerte på Mangersnes må det etablerast fortau på fylkesdelen av Mangersnesvegen som ikkje er omfatta av detaljplan. Fortau både på kommunaldel og fylkesdel av Mangersnesvegen må på plass innan anleggsarbeid på bustadtomter tar til. Tiltaket bør inn som rekkjefølgjekrav.

Spørsmål:

Bli berørt opparbeida hageanlegg som hekk og liknande kompensert eller reetablert? Eksisterande hekk har funksjon som gjerde mot veg og til skjerming for støy og innsyn. Me ser hekken som nødvendig for tryggleik og trivsel utanfor huset.

Kva vinterdriftsklasse blir sett på vegstrekninga og kan ein forventa at fortau blir vedlikeholdt iht. same klasse?

Med venleg helsing

Øyvind Dalland og Camilla Gjerde
Mangersnesvegen 110